

Doktor Haugen slik du minnest han 27.

31.12.2014



Legeattestar.

Det var ikkje få legeattestar dr. Haugen skreiv ut til ulike føremål. Personlegdommen hans sette og preg på dette. Det kan verka som han hadde med eit fast punkt om kroppsbygning, og truleg lika han at folk var litt godt i hold.

Audun Eik fortel at han som ung gut trong helseattest då han skulle søkja om plass på skuleskipet. Han var godt trent og i god fysisk form. På attesten hadde dr. Haugen m.a. med denne formuleringa: « Han er funnet frisk, dog noget mager i forhold til høyden.»

-Heldigvis fekk eg plass, seier Audun og han hadde ein fin periode på Statsraad Lemkuhl.

Handelsmannen vår, Harald Nilsen, trong helseattest ein gong då han skulle avløysa Johannes Kjærland litt på drosjen. Attest fekk han, og der stod det m.a. dette: «Han har bra kroppsbygning og er passe fet.»

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003